

Nottveit Energi AS
Nøttveit Gård
5729 MODALEN

Vår dato: 27.04.2016
Vår ref.: 200700908-36
Arkiv: 312 / 064.3
Dykkar dato:
Dykkar ref.:

Sakshandsamar:
Magne Geir Verlo (mgv@nve.no)
22 95 95 34

Nottveit Energi AS

Vedtak - søknad om overføring av Storebotnelv til Nottveit kraftverk - Modalen kommune - Hordaland

Innhald

Søknad	2
Distriktshandsaming.....	5
Søkjjar sine kommentarar til høyringsfråsegnene	9
NVE sine vurderingar.....	10
NVE sin konklusjon.	11

Nottveit Energi har vassdragskonsesjon for bygging av Nottveit småkraftverk i Nottveitelva.

Selskapet søkjer om overføring av eit nabonedbørfelt på 0,65 km² til inntaket for Nottveit småkraftverk. Overføringa omfattar inntaksterskel i Storebotnelv og nedgraving av rør/boring av mikrobørhol i om lag 370 m lengd.

Fleirtalet av uttalepartane går inn for tiltaket utan vesentlege merknader.

NVE konkluderer med at skadane og ulempene med tiltaket er avgrensa i høve naturmiljøet og finn å tildele løyve etter vassressurslova § 8. Små verknader samanhalde med hydrologiske tilhøve tilseier etter NVE si vurdering at det ikkje er naudsynt med slepping av minstevassføring i Storebotnelva.

Vilkåra fastsett i konsesjonen for Nottveit småkraftverk skal gjelde for løyvet om overføring Storebotnelv.

E-post: nve@nve.no, Postboks 5091, Majorstuen, 0301 OSLO, Telefon: 09575, Internett: www.nve.no

Org.nr.: NO 970 205 039 MVA Bankkonto: 7694 05 08971

Hovedkontor
Middelthunsgate 29
Postboks 5091, Majorstuen
0301 OSLO

Region Midt-Norge
Vestre Rosten 81
7075 TILLER

Region Nord
Kongens gate 14-18
8514 NARVIK

Region Sør
Anton Jenssensgate 7
Postboks 2124
3103 TØNSBERG

Region Vest
Naustdalsvn. 1B
Postboks 53
6801 FØRDE

Region Øst
Vangsveien 73
Postboks 4223
2307 HAMAR

NVE har motteke følgjande søknad frå Nottveit Energi 01.03.2015:

«Nottveit Energi AS ønsker å utnytte vannfallet i Stølselva, i Modalen kommune i Hordaland fylke. Vi viser med dette også til tidligere konsesjonssøknad for Nottveit kraftverk og konsesjon gitt endelig 15. februar 2013. I den opprinnelige konsesjonssøknaden var det beskrevet overføring av Stølselva, men dette ble ikke realitetsbehandlet siden det ikke helt formelt stod omsøkt i selve søknadsbrevet. I denne planendringen er selve inngrepet gjort annerledes og med et langt mindre teknisk inngrep. En overføring av Stølselva (også kalt Stølsbekken) vil gi 1,3 GWh i tillegg. Vi ønsker å bygge dette kraftverket og vi har fått tilsagn om del-finansiering til prosjektet, men det mangler ca 4-5 millioner kroner. Dersom Storebotn overføres vil vi få tilstrekkelig lån til å kunne fullfinansiere byggingen. Vi søker derfor formelt om konsesjon til dette nå i hht følgende regelverk:

1. Etter vannressursloven, jf. § 8, om tillatelse til:

- å overføre vann fra Storebotn på ca kote 295 moh til Nottveitelva som beskrevet bak.»

NVE refererer følgjande frå søknaden:

Hoveddata for kraftverket

<i>Nottveit kraftverk</i>	<i>Gitt konsesjon</i>		<i>Planendring</i>	<i>Overføring</i>
TILSIG				
<i>Nedbørsfelt</i>	<i>km²</i>	<i>6,7</i>	<i>7,35</i>	<i>0,65</i>
<i>Spesifikk avrenning</i>	<i>m³/s/km²</i>	<i>0,125</i>	<i>0,124</i>	<i>0,108</i>
<i>Middelvannføring</i>	<i>m³/s</i>	<i>0,840</i>	<i>0,910</i>	<i>0,076</i>
<i>Årstilsig til inntaket</i>	<i>mill.m³</i>	<i>26,5</i>	<i>28,9</i>	<i>2,4</i>
<i>Alminnelig lavvannføring</i>	<i>m³/s</i>	<i>0,033</i>	<i>0,036</i>	<i>0,003</i>
<i>5-persentil sommer (1/5-30/9)</i>	<i>m³/s</i>	<i>0,067</i>	<i>0,073</i>	<i>0,006</i>
<i>5-persentil vinter (1/10-30/4)</i>	<i>m³/s</i>	<i>0,029</i>	<i>0,031</i>	<i>0,003</i>
<i>Restvannføring</i>	<i>m³/s</i>	<i>0,076</i>	<i>0,070</i>	<i>0,007</i>
KRAFTVERK				
<i>Inntak</i>	<i>m.o.h</i>	<i>293,0</i>	<i>293,0</i>	<i>300,0</i>
<i>Magasinvolum</i>	<i>m³</i>	<i>3 000</i>	<i>3 000</i>	
<i>Avløp</i>	<i>m.o.h</i>	<i>5,0</i>	<i>5,0</i>	<i>293,0</i>
<i>Lengde berørt elvestrekning</i>	<i>m</i>	<i>1100</i>	<i>1100</i>	<i>1350</i>
<i>Brutto fallhøyde</i>	<i>m</i>	<i>288</i>	<i>288</i>	
<i>Midlere energiekvivalent (E)</i>	<i>kWh/m³</i>	<i>0,681</i>	<i>0,682</i>	
<i>Slukeevne, maks</i>	<i>m³/s</i>	<i>2,10</i>	<i>2,28</i>	<i>0,25</i>
<i>Slukeevne, min</i>	<i>m³/s</i>	<i>0,02</i>	<i>0,02</i>	
<i>Planlagt minstevannføring sommer</i>	<i>m³/s</i>	<i>0,070</i>	<i>0,070</i>	

Planlagt minstevannføring vinter	m^3/s	0,030	0,030	
Tilløpsrør, diameter	mm	900	1 000	300
Tunnel, tverrsnitt	m^2	25	25	
Tilløpsrør/tunnel lengde	m	1 200	1 200	
Overføringsrør/tunnel, lengde	m			270
Installert effekt, maks	kW	5 020	5 490	
Brukstid	timer/år	2 644	2 654	
MAGASIN				
Magasinvolument	mill.m ³	0	0	
HRV	m.o.h.	293,0	293,0	
LRV	m.o.h.	293,0	293,0	
PRODUKSJON				
Produksjon, vinter (1/10-30/4)	GWh	5,2	5,6	0,4
Produksjon, sommer (1/5-30/9)	GWh	8,1	9,0	0,9
Produksjon, årlig middel	GWh	13,3	14,6	1,3
ØKONOMI				
Utbyggingskostnad	mill kr	46,1	48,5	0,5
Spesifikk utbyggingspris	NOK/kWh	3,47	3,30	

Teknisk plan

Det er planlagt å overføre vannet fra Botna i Stølsdalen og Storebotn ved hjelp av et 100 m langt PE-rør fra ca kote 300 moh i Storebotn inn til en boret mikrotunnel på ca 270 m lengde direkte inn til inntaket og demningen med HRV på kote 293 moh.

Inntaket i Storebotn vil da bli i form av et Tyrolerinntak som bygger rundt 0,5 m over eksisterende nivå i bekken. Dette kan prefabrikeres og eventuelt flys inn med helikopter og plasseres rett på stedet. Derfra ledes vannet i et manuelt nedgravd PE-rør frem til stedet der borehullet kommer ut hvor det er eksponert fjell i dagen. Dette PE-røret vil få en liten overdekning av løsmasser som gjøres for hånd. PE-røret kommer i lengder på opptil 12 m og kan bæres eller flyes inn sammen med inntaksrist og tyrolerfundamentet. PE-røret vil bli sveist manuelt på stedet med elektromuffer ved hjelp av et bærbart aggregat. Gjennom fjellet vil det bli boret en mikrotunnel fra damside, med en diameter på minimum 300 mm, eller alternativt hva som er tilgjengelig pilothull for entreprenøren(e).

Hydrologi og tilsig

Nedbørsområdet består av fjellområdet rundt Storebotn med høyder opp til Storlifjellet på kote 565 moh. Nedbørsfeltet ligger dermed fra 565 til 300 moh hvorav om lag halvparten er over

tregrensen. Nedbørsfeltet har et par bitte små tjern som ligger i den øvre delen av feltet. Det er ingen breandel i nedbørsfeltet, men litt myr. Storebotn er ikke tidligere regulert.

Vannføringen har preg av typisk kystnære strøk på Vestlandet hvor det kan komme store flommer til alle årstider. På grunn av landskapsformen og topografien blir dette vassdraget volatil og har store flommer i perioder med regn, mens vassdraget faktisk tørker helt ut flere ganger hvert år. Dette er dokumentert med flere bilder fra forskjellig tid i vedlegg 5, hvor det dokumenteres at det både er store flommer og til tider ikke er vann i elva.

Hydrologisk observasjonsmateriale for vassdraget finnes ikke og det er derfor benyttet et vannmerke som anses representativt for dette området. Nedslagsfeltet favner totalt 0,65 kvadrat kilometer, se også vedlegg 2 - Kart over nedbørsfelt. For å finne vannføringen fra feltet har vi benyttet både NVE Atlas og NVE Lavvann og fastsatt middelvannføringen for dette feltet til 0,071 m³/sek.

Antall dager med overløp for kraftverket blir rundt 10 % av året eller da 4-5 uker som man kan avleses i kurven under fra vannmerket 062.18 Fjellanger. Dette ligger i nabodalen Eksingedalen.

Virksomheter for miljø, naturressurser og samfunn

Dette er beskrevet i opprinnelig konsesjonssøknad og det er kommet et notat med tilleggsbeskrivelser som oppdaterer miljørapporten til 2015 i hht av siste utgave av rødlista.

Miljørapporten fra 2006 konkluderte som følger:

Vannføring i Nottveitelva mellom kote 300 og utløp i fjorden vil bli sterkt redusert, likeså vannføringen i Botnelva nedstrøms kote 330. Dette vil kunne forverre situasjonen for mulige forekomster av fossefall – og for karplanter, mose- og lavflora og andre organismegrupper som er nært knyttet til fosser og stryk langs de to elveløpene. Vegetasjonen framstår imidlertid som fattig, og kun trivielle arter er påvist. Det er ikke planlagt slipping av minstevannføring. Restvannføring sammen med hyppige overløp (flommer) vil redusere skadevirkningene. Slipping av minstevannføring i Nottveitelva, og evt. også Botnelva, vil i større grad kunne bidra til at ulike fuktmiljø langs vannstrengene opprettholdes som naturtyper. Etablering av elveinntaket i Nottveitelva, og trolig også i Botnelva, forventes ikke å medføre vesentlige ulemper for flora eller fauna.

Overføring av Botnelva til Nottveitelva ventes å ha begrensede økologiske konsekvenser. Arealkrevende terrenginngrep som bygging av nedgravd rørtrasé, luftlinje (evt. jordkabeltrasé), kraftstasjonsbygning m/utslippskanal, vegtilkomst til henholdsvis kraftstasjonsområde og inntaksområdet i Nottveitelva, og veg herfra videre vestover mot Botnelva, ventes i utgangspunktet bare å berøre områder med middels til liten verdi for biologisk mangfold.

Konsekvensvurderingen for hele utbyggingen på Nottveit, inkludert overføringen av Botna, og konkluderte som følger:

Konsekvens									
Svært stor negativ	Stor negativ	Middels negativ	Liten negativ	Ubetydelig ingen	Liten positiv	Middels positiv	Stor positiv	Svært stor positiv	
^									

Det ble gjort en oppdatering av miljørapporten i januar 2015 i forhold til den siste oppdaterte rødlista og med følgende konklusjoner:

Konsekvensene for hhv Ask, Alm og Barlind, vil ikke påvirke disse trærne. Overføringen av Botne vil trolig ikke påvirke Kystvortelav.

Det er lite sannsynlig at det opptrer Oter i Botna.

Det er ikke sannsynlig at overføring av Botna til Nottveitelva vil påvirke Bergirisk.

Det finnes ingen konkrete opplysninger som tilsier at overføring av Botna til Nottveitelva vil påvirke Hønehauk.

Botna vurderes å ha for liten vannføring til å være leveområde for strandsnipe, og arten ble heller ikke registrert under feltarbeidet.

Det er ikke sannsynlig at overføring av Botna til Nottveitelva vil påvirke arten Fiskemåke.

Det foreligger ikke konkret kunnskap som tilsier at overføring av Botna til Nottveitelva vil kunne påvirke arten Hubro.

Ut i fra dette resultatet konkluderer utbygger med at overføringen av Botna skulle være rimelig uproblematisk vurdert ut fra miljørapporten, som er datert 30. januar 2015.

Avbøtende tiltak

Med de foreslåtte planene har utbygger tatt hensyn til alle kjente momenter som kan komme i konflikt eller som kan få ulemper ved utbyggingen.

- 1. Vannveien vil hovedsakelig boret i fjell, samt lagt for hånd for å spare terrenginngrep.*
- 2. Alle berørte områder vil bli pyntet til igjen og arrondert med naturlig tilgroing.*
- 3. Det er allerede gitt et konsesjonskrav med pålagt slipping av minstevannføring i Nottveitelva med ca 5-persentil. Dette har følgende konsekvenser for hele utbyggingen:*

<i>Minstevannføring har følgende påvirkning</i>	<i>Produksjon</i>
<i>• Uten slipping av minstevannføring</i>	<i>15,5 GWh</i>
<i>• Minstevannføring 5-persentil sommer (1/5 – 30/9 med 0,07 m³/s)</i>	<i>15,0 GWh</i>
<i>• Minstevannføring 5-persentil vinter (1/10- 30/4 med 0,03 m³/s)</i>	<i>15,1 GWh</i>
<i>• Minstevannføring 5-persentil hele året</i>	<i>14,6 GWh</i>

- 4. Utbygger mener derfor at de foreslåtte tiltak og naturinngrep er så vidt begrenset både i tid og omfang at det ikke er burde være behov for spesielle avbøtende tiltak i anleggsperioden.»*

Distrikthandsaming

Søknaden saman med tilleggnotat om biologisk mangfald er sendt på høyring til uttalepartane som uttalte seg til opphavleg søknad. Det er motteke uttale frå:

Modalen kommune har i e-post 07.01.2016 ingen merknad til søknaden.

Hordaland fylkeskommune, brev 30.04.2015:

«Fylkesutvalet i Hordaland handsama saka på møte 23. april, som sak 95/15, og gjorde følgjande vedtak om fråsegn:

- 1. Hordaland fylkeskommune rår til overføring av Stølselva.*
- 2. Av omsyn til det verdifulle fjordlandskapet rår Hordaland fylkeskommune til minstevassføring.*
- 3. Hordaland fylkeskommune vil nok ein gong be NVE om å stilla strengare krav til dokumentasjon i konsesjonsøknader før dei kjem på høyring. Søknader som ikkje er i samsvar med naturmangfaldlova og retningsliner for søknader i Fylkesdelplan for små vasskraftverk i Hordaland, må ikkje sendast på høyring.*

Fylkesrådmannen si vurdering

Hordaland fylkeskommune hadde søknaden om Nottveit kraftverk på høyring og fatta følgjande vedtak til fråsegn i møte i Fylkesutvalet 25.01.2007:

- 1. Fylkesutvalet finn ikkje at tiltaket vil vere i vesentleg konflikt med spesifikke viktige regionale*

verdiar og har ikkje merknader til at det vert gjeve konsesjon til ei utbygging av Nottveitelva. Av omsyn til landskap, biologisk mangfald og inngrepsfrie naturområde vil ein be om at det i konsesjonshandsaminga særleg vert sætt nærare på trongen for å regulere vatna i fjellet og vurdere bruk av minstevassføring i elva.

2. Undersøkingsplikta etter §9 i Kulturminneloven må oppfyllast i god tid før arbeid i marka startar opp.

Søknaden om Nottveit kraftverk vart handsama på grunnlag av Fylkesdelplan for energi 2001-2012. Denne planen er no erstatta av Klimaplan for Hordaland 2014-2030. Fylkesdelplan for små vasskraftverk i Hordaland (Fylkesdelplanen) med tilhøyrande retningsliner kom først i 2009. Vidare er plana for overføringa i stor grad endra frå den opprinnelege søknaden. Med tanke på at det er nye, gjeldande regionale planar, og større endringar i prosjektet, vil vi i liten grad basere vurderingane på fråsegna frå 2007.

Landskap

Overføringa ligg i eit fjordlandskapsområde klassifisert med stor verdi i Fylkesdelplanen. For fjordlandskap gjeld følgjande retningsline:

Fjordlandskap (R3)

I fjordlandskap av stor verdi skal ein vere restriktiv med inngrep som fjernar eksponerte fossar og vassdrag eller reduserer heilskapen i landskapet. Ein skal legge vekt på at terrenginngrep, vegar, røyrarter mm. Ikkje fører til varige sår som reduserer opplevingsverdien i landskapet. Ved inngrep i eksponerte fossar og elvestrekningar skal det stillast krav til minstevassføring som opprettheld landskapskarakteren og opplevingsverdien.

Overføringa har få tekniske inngrep som vil påverke landskapet. Det er snakk om eit lite bekkeinntak på kote 300, det er ikkje planlagt veg eller ei større røyrarter. For landskapet vil endringane i hovudsak vere knytt til tørrlegging av elvestrekket frå inntaket. Stølselva er ikkje ei stor elv med markerte fossar, men den krysser hovudvegen og er der eit markert element. Elva er ein typisk flaumbekk, som reagerer raskt på nedbør. Den vil vere eit synleg landskapselement i periodar med mykje nedbør, og mindre synleg eller tørt i tørre periodar. Denne effekten er ein del av landskapskarakteren. I følgje hydrologiske kurver og foto i søknaden går elva stor på sein vår/sommar og i periodar på hausten. Etter utbygging vil det kun vere unntaksvis at elva har stor nok vassføring til å vere eit landskapselement og dette vil i hovudsak vere om hausten.

Med tanke på at utbygginga er i eit fjordlandskap av stor verdi, er det viktig å kunne gjere ei vurdering av verknaden av tiltaket på fjordlandskapet. Då søknaden manglar illustrasjonar eller bilder av elva frå fjorden er ei slik vurdering vanskeleg.

For å følgje retningsline R3 rår vi til minstevassføring som opprettheld landskapskarakteren og opplevingsverdien.

INON

Overføringa vil komme i eit område med inngrepsfri natur. I opprinneleg søkand om Nottveit kraftverk vart bortfallet av INON-område sone 2 (1-3 km frå større inngrep) tallfesta til 2,05 km² for inntak i Nottveitelva og overføring av Stølselva. I og med at Nottveit kraftverk har fått konsesjon vil delar av dette området allereie fall bort. Kor stort tapet av INON-område vil vere som følgje av overføringa aleine er ikkje presentert i søknaden.

Biologisk mangfald og fisk

Det er i følgje medfølgjande rapport om biologisk mangfald ikkje registrert naturtypar eller artar av middels eller høg verdi, eller som er truga. Det er heller ikkje fisk i elva. Konsekvensane av overføringa vil vere negative for livet langs elvestrengen som blir tørrlagt. Det er ikkje kjent verdifulle artar langs denne.

Kulturminne

Hordaland fylkeskommune har vore i dialog med utbygger om kulturminne ved bygging av Nottveit kraftverk og har ingen merknader til overføringa.

Friluftsliv

Ein bør vise varsemd ved utforming av ny vasskraftutbygging, slik at tiltaka ikkje reduserer opplevingskvalitetane i friluftsområde med stor verdi. Gjennom konkret utforming skal ein søkje å gjere tiltaket til ein positiv ressurs for friluftslivet.

Tiltaket ligg ved eit større friluftsområde av stor verdi. Langs elva går det merka sti til Eiterdalen og det store turområdet Dyrkollbotn. Dyrkollbotn er klassifisert som eit svært viktig regionalt friluftsområde. Verdien til området er særleg knytt til mykje bruk av både tilreisande og lokale, og store opplevingsverdiar.

Retningslinene gjev at ein bør vise varsemd i friluftsområde av stor verdi for å unngå å redusere opplevingskvalitetane der. Dette vil og gjelde oppmarsjområda til desse områda.

Minstevassføring i elvestrengen vil kunne kompensere delvis for overføring av vatn til Nottveit kraftverk, og vi ber om at dette blir vurdert.»

Fylkesmannen i Hordaland, brev 29.04.2015:

«Det er søkt Fylkesmannen om utsleppsløyve etter forureiningslova, men denne handsaminga er ikkje avslutta. Fylkesmannen vil i denne samanheng opplyse NVE om at vi har etterlyst informasjon tilknytt søknaden sidan 2013 utan at tiltakshavar har fylgt opp med nødvendige opplysningar. I april 2015 fekk vi opplyst per telefon at deler av tunellarbeidet er slutført, til tross for at løyve etter forureiningslova ikkje ligg føre. Attståande arbeid med boring av pilothol skal etter planen starte i august 2015. Fylkesmannen ventar enno på ei samla tilbagemelding/søknad knytt til dette arbeidet.

Om planendringa og påviste verknader

Planendringa omfattar følgjande: inntak på kote 300 i Storebotnelva, 70 mm nedgrave PERøyr med diameter 300 mm fram til borehull i fjell, som vil gå 270 m gjennom Midtfjellet fram til inntaket i Nottveitelva på kote 293. Bygging ved dam og røyr i Støelva skal skje manuelt, og med minst mogleg arealinngrep. Transport av materiale til inntaket skal skje med helikopter.

Overføringa vil auke produksjonen i Nottveit kraftverk med 1,3 GWh til samla årsmiddelproduksjon på 14,6 GWh. I konsesjonen er det sett krav om minstevassføring på 70 l/s om sommaren og 30 l/s om vinteren.

Nytt nedbørsfelt som takast inn i prosjektet utgjer 0,65 km². Søkjar viser til at det ikkje er årssikker vassføring i Storebotnelva, og ein søker difor om å nytte alt vatnet. Søkjar viser at foreslått tiltak og naturinngrep er avgrensa i tid og omfang, og meiner at det ikkje er trong for spesielle avbøtande tiltak i anleggsperioden.

Det er utarbeidd eit notat om raudlista arter, som eit supplement til miljørapporten frå 2006, som var del av opphavleg konsesjonssøknad. Planendringa vil ikkje gi vesentlege negative verkander for omtala raudlistearter. Det er ingen nye opplysningar om brukarinteresser i området. Det ligg heller ikkje lagt fram fleire opplysningar knytt til boring som er relevant for Fylkesmannen si handsaming av utsleppsløyve etter forureiningslova.

Fylkesmannens merknader

Fylkesmannen meiner det er kritikkverdig at tiltakshavar har sett i gang anleggsarbeid før nødvendig løyve ligg føre. Søknad om planendring vil omfatte boring i fjell, noko som må avklarast med Fylkesmannen. Vi vil på bakgrunn av nødvendige opplysningar vurdere om dette treng eige løyve etter forureiningslova.

Når det gjeld verknader på landskap og naturmiljø vurderer vi inngrepet som lite. På dette grunnlag har vi difor ingen merknader til overføring av Storebotnelva til kraftverk i Nottveitelva.

Konklusjon

Fylkesmannen har ingen spesielle merknader til planendringa ut frå omsyn til landskap og naturmiljø. Dersom NVE gir løyve til planendring med boring i fjell må Fylkesmannen vurdere om tiltaket vil krevje tiltak for å avgrense fare for ureining. Fylkesmannen legg til grunn at arbeidet med boring ikkje blir starta opp før nødvendig løyve etter forureiningslova ligg føre.»

Statens vegvesen har i brev av 20.05.2015 ingen merknader til planendringa.

Nordhordland Turlag, brev 30.04.2015:

«Opplevelsesverdi i dag

Frå Nottveit går der no ein fin sti frå hovudvegen til Nottveitsætra. Den ber preg av å vere mykje brukt og kjem opp til nydeleg landskap med elv og kulpar inn mot stølane og Sætrradalen.

Området mellom Dyrkolbotn og Nottveit er eit av dei få naturområda utan andre tekniske inngrep enn det preg tidlegare gards- og stølsdrift etterlet seg i eit vakkert og heilskapleg kulturlandskap.

Med tanke på at dei fleste vassdrag mellom Vikafjellet og Masfjorden er utbygt i stor stil, er det viktig å ha att mindre vassdrag og natur i randsonene og nærområda til Bergen og her i Nordhordland.

Der er (sjå Masfjordkartet 1.50000 T24) i dag turstiar bl.a. frå Dyrkolbotn til Nottveit og området som vi meiner må vurderast i heilskap, vert nytta til friluftsliv både sommar og vinter.

- Ferdselsveg frå gamal tid over Beitlaskaret til Mo.
- Nottveit – Eiterdalen – Gamlesætra, eller til Nysæter og Dyrkolbotn.
- Orienteringskart over området.
- Nordhordland Turlag har turar i området, Eiterdalen er populært og då med tur over til Nottveit.
- Modalen har satsa på turisme og dette er ein av attraksjonane langs vegen, særleg eigna til familieturar og dagsturar.

Beskrivelse i søknad om at området hovudsakleg vert brukt av grunneigarar og «deira slektningar», er for snever definisjon av brukarinteressene.

Inngrep etter søknad

- Både Nottveitelva og Botnelva får sterkt redusert/ingen vassføring.
- Demning på 290 m.o.h. 6-7 meter høg og 15 meter lang og 30 dekar vert liggjande under vatn ved sti i svært vakker og frodig natur der dalen opnar seg.
- Regulering av Øvre Setervatnet kote 783 moh. vert eit nytt inngrep i eit område som er lite berørt, og der BKK har moderert sine planar i nærleiken. Denne reguleringa er definert som «mindre» og må gå ut av naturvernomsyn.
- Overføring av Botnelva ca. 400 m fra kote 330 til elveinntaket i Nottveitelva kote 300 med tilhøyrande skogsveg 400 m mellom inntak i Botnelva og elveinntaket i Nottveitelva må det ikkje gjevast løyve til, då denne etter det vi ser, vil rasere etablerte stiar og kulturminne og skjemme landskapet.
- Anleggsveg til elveinntaket i Nottveitelva ca. 1 500 m fra Rv569 (følger rørtasèen), vil ha same negative konsekvens som nevnt i forrige punkt og tillegg skjemmande

Konklusjon

Konsekvensar for friluftslivet er ikkje vurdert godt nok i søknaden. Området er lett tilgjengeleg og har stor opplevingsverdi. Turstiar er ikkje vist på detaljkart (vedlegg 1 i søknad) og Nordhordland Turlag stiller spørsmål ved dette.

Det viktig å tenkje langt fram i slike saker. Vi kan ikkje ta denne urørte naturen tilbake og må tenkje på kva vi etterlet oss til våre barn og barnebarn. Naturen gjev oss oppleving og er helsefremjande.

Gamle stølsstiar og ferdsløveggar er viktige innfallsportar til naturen og har si historie å fortelje. På denne bakgrunn rår vi til at utbygging i Nottveitelva vert avgrensa til inngrep under 250 moh i Nottveitelva og at tiltak i Storebotnen/ Botna, samt på vestsida av Åsen, ikkje vert tillate.»

Søklar sine kommentarar til høyringsfråsegnene

Nottveit Energi AS har e-post av 08.01.2016 kommentert fråsegnene slik:

«1. Modalen kommune

Kommunen har ikkje merknader til planendringa.

2. Fylkesmannen i Hordaland

Fylkesmannen har ingen spesielle merknader til planendringen.

3. Hordaland fylkeskommune

Fylkeskommunen rår til overføring av Stølselva, men ber også om at det vurderes minstevannføring. Vi henviser her til at dette nedbørfeltet er så vidt lite og det er ved flere anledninger de siste årene påvist at det ikke er årssikker vannføring og derfor mener vi at det ikke er behov for slipping av minstevannføring i dette vassdraget. Det kan blant annet nevnes at i skrivende stund er det ingen vannføring i Botna, da vannet trolig er borte pga barfrost.

4. Statens Vegvesen

Statens Vegvesen har ingen nye merknader til planendringen og viser til tidligere uttalelse angående adkomstene til rv. 269. Dette er allerede godkjent av SV i forbindelse med byggingen, og er derfor ikke lenger noe tema.

5. Hordaland Turlag (Naturverngruppa)

Vi noterer ikke overraskende at Hordaland Turlag ved Naturverngruppa, er negative til inngrepet. Turlagets Naturverngruppe er i sin rett til å mene dette, men deres påstand om at de har turer i området hverken kjenner grunneierne til eller har møtt dem i området de siste 10 årene. Dette forhindrer ikke at de kan ha gått igjennom terrenget, og vi tviler derfor på at dette terrenget er særlig mye brukt av dem. Vi er derimot kjent med at Stølsheimen blir mye brukt da BKK har laget veier langt inn i fjellet slik at Turlaget lett kan komme på fine turer. Vi mener også at måten dette lille tillegget blir gjort på vil ikke nevneverdig forandre terrenget for dem som måtte ønske å gå seg en tur i området.»

NVE si vurdering

Om søknaden

Nottveit Energi AS er eit selskap som primært er etablert av fallrettseigarane for å bygge kraftverk i Nottveitelva. Selskapet har konsesjon for bygging av Nottveit småkraftverk, jf. gjeldande konsesjon av 20.12.2011 med endelege vedtak i OED 15.02 2013.

Foreliggende søknad gjeld overføring av eit nabonedbørfelt til Nottveitelva. Overføringa frå Storebotnen var teke med i planomtalen til opphavelag søknad for Nottveit kraftverk. Overføringa vart ikkje realitetshandsama på grunn av formelle feil. Planendringssøknaden gjeld løyve etter vassressurslova § 8.

Overføring av Storebotnelva er forventa å gje ein tilleggsproduksjon på ca 1,3 GWh til totalt 15,5 GWh/år i Nottveit småkraftverk utan slepping av eventuell minstevassføring forbi inntaksterskel.

Teknisk plan

Vatnet frå Storebotnen er planlagt overført med nedgrave plastrør Ø300 og borhol til inntaksdammen til Nottveit kraftverk omkring kote 293 i Nottveitelva. Total rør- og borhallengde er omkring 370 m. I Storebotnelva vert det støypt ein mindre terskel for å samle opp og føre vatnet inn i overføringsrøret.

Det skal i samband med overføringa ikkje byggast veg eller gjerast inngrep i terrenget utover betongterskel og grøft for rør.

Hydrologi

Aktuelt nedbørfelt for overføring er om lag 0,65 km² og ligg vest for Nottveitelva mellom kote 300 og 560. Terrengoverflata i nedbørfeltet er hovudsakleg skogs-/fjellmark med tynt vegetasjonsdekke utan innsjøareal. Det vert fråført vatn over ei elvestrekning på om lag 1,3 km mellom overføringspunktet og fjorden

I Storebotnelva er det ikkje føreteke vassføringsmåling og middelvassføringa er basert på avrenningskurver i NVE Atlas og analyse i NVE Lavvannskart (Nevina). Middelvassføringa er fastsett til 76 l/s. NVE vil merke at begge metodane for fastlegging av vassføring har relativt stor uvisse og middelvassføring 76 l/s er t.d. ca. 18 % høgare enn utrekninga i NVE Lavvannskart.

Alminneleg lågvassføring for nedbørfeltet er sett 4 l/s og i søknaden er det framhalde at Storebotnelva tilnærma årleg går tørr. Dette vert også dokumentert gjennom bilete vedlagt søknaden som viser elva i kryssingspunktet med fylkesvegen Romarheim – Modalen.

NVE vurderer lågvassføringa i elva på linje med søkjar. I den bratte delen av elva ned mot fjorden med grov permeabel elvebotn sig vatnet ned i grunnen og elva framstår som tørr i nedbørsfattige periodar særleg om vinteren og seinsommar.

Landskap/friluftsliv

Fylkeskommunen og Turlaget peikar på at området har fleire turstiar med verdi som naturopplevingsområde utover den lokale bruken frå grenda Nottveit.

Storebotnelva må karakteriserast som ei typisk flaumelv med lite stabil vassføring. På utbyggingstrekninga går den dels i eit granfelt og er lite synleg i omgjevnadene.

I samband med bygging av Nottveit kraftverk skal det byggast anleggsveg til inntaksdammen. Etter NVE sitt syn vil denne lette tilgangen til det urørte skogs- og fjellområdet over kote 300. Omkring Nottveit er det i dette høgdenivået terrengformasjonen endrar seg frå ei bratt lisode frå fjorden til eit noko slakare skogsterreng. Terrenginngrep knytt til overføring av Storebotnelva er svært avgrensa og NVE meiner tilgang til området og utøving av friluftsliv kan utøvast minst som i dag etter at anleggsperioden er over.

Minstevassføring

Fylkeskommunen tilrår slepping av minstevassføring forbi overføringspunktet i Storebotnelva. Storleiken på eventuell minstevassføring er ikkje konkretisert.

Storebotnelva har svært vekslande vassføring over korte tidsrom (innan døgn). Med eit hydrologisk grunnlag som viser alminneleg lågvassføring og 5-persentil sommar på høvesvis 4 og 6 l/s vil minstevassføring i denne elva etter NVE si vurdering ha tilnærma ingen effekt på naturmiljøet. Det faktum at elva på tiltaksstrekninga kan vere tørr i lengre periodar i sommarhalvåret i naturleg situasjon tilseier svært avgrensa effekt av ei minstevassføring.

Biologisk mangfald

Søkjar har fått utarbeidd eit tilleggsnotat om biologisk mangfald for påverka del av Storebotnelv. Notatet er oppdatering i forhold til raudlista pr januar 2015 og må sjåast i samanheng med biologisk mangfaldrapport utarbeidd for hovudsøknaden for Nottveit kraftverk der Storebotnelv vart omtalt. Tilleggsnotatet byggjer også på kunnskapsutveksling med miljøvern avdeling hos fylkesmannen i Hordaland.

Tilleggsnotatet vurderer overføring av Storebotnelva i høve til dei botaniske artane ask, alm, barlind og kystvortelav. Sistnemnde art har status som sårbar og er registrert på eik ca kote 90 i Nottveitelva. Eik er ikkje registrert ved overføringsområdet for Storebotnelva, men arten kan ha levevilkår på andre objekt enn eik.

Av fuglar og dyr lister tilleggsnotatet opp oter, bergirsk, strandsnipe og hønsenhauk. For desse artane vert det konkludert med at påverka elvestrekning i Storebotnelv eller overføringsområde ikkje er avgjerande leveområde.

Uttalepartane har ikkje kome med merknader til tilleggsnotatet.

NVE vil merke at ingen av artane som er nemnde i notatet er direkte avhengig av vassføring verken i reproduksjonstida eller i samband med næringssøk. Storebotnelva har svært variable vassføring over korte tidsperiodar og lengre strekke av elva kan vere utan synleg vassføring. Dette gjev naturlege avgrensingar i elva sin næringsproduksjon for naturmiljøet.

Den varierende vassføringa gjer at elva ikkje er fiskeførande eller at det er knytt fiskeinteresser til den.

NVE meiner at overføring av Botna som omsøkt har avgrensa risiko for skade på naturmiljøet. Det ligg etter NVE sitt syn føre tilstrekkeleg kunnskap om verknadene for naturmiljøet og den samla påverknaden skaper ikkje ubalanse i økosystemet, jf naturmangfaldlova §§ 8 - 10.

NVE sin konklusjon

Etter ei samla vurdering meiner NVE at fordelane ved å overføre Storebotnelva til Nottveitelva etter omsøkt plan er større enn skadane og ulempene for allmenne og private interesser. Kravet etter vassressurslova § 25 er oppfylt og NVE gjev løyve etter vassressurslova § 8.

Det vert ikkje sett vilkår om slepping av minstevassføring forbi inntaksterskel i Storebotnelva.

Vilkåra for Nottveit kraftverk fastsett i vassdragskonsesjonen av 20.12.2011, med unntak av vilkår knytt til tidsfrist, skal gjelde for løyvet om overføring av Storebotnelv. For byggefrist vil dato for dette løyvet til overføringa vere gjeldande.

Andre forhold

I søknaden vert det opplyst at areal og rettar er eigd av same grunneigarar som er involvert i Nottveit småkraftverk.

NVE minner om at løyve etter vassressurslova § 8 gjeld offentlege og allmenne interesser og ikkje påverkar privatrettslege tilhøve.

Om klage og klagerett

Denne avgjerda kan klagast på til Olje- og energidepartementet innan tre veker frå det tidspunktet underretninga er kome fram til partane, jamfør forvaltningslova kapittel VI. Retten til å klage er avgrensa til partar (grunneigarar, rettshavarar og konsesjonssøklar) og andre med rettsleg klageinteresse (hovudsakleg organisasjonar som representerer råka interesser).

Ei eventuell klage skal grunngjevast skriftleg, stilast til Olje- og energidepartementet og sendast gjennom NVE. I tilfelle klage ønskjer NVE elektronisk innsending til e-postadresse nve@nve.no. Alternativt pr post til: NVE Konsesjonsavdelinga, Postboks 5091 Majorstua, 0301 Oslo.

Med helsing

Rune Flatby
avdelingsdirektør

Øystein Grundt
seksjonssjef

Dokumentet vert sendt utan underskrift. Det er godkjent etter interne rutinar.

Kopi til:

Forum for natur og friluftsliv Hordaland - FNF Hordaland
Fylkesmannen i Hordaland
Hordaland fylkeskommune
Modalen kommune
Statens Vegvesen - region vest